

Fylkesbudsjett med gode tenester som reduserer forskjellane

– Vi har eit budsjett med store satsingar og gode tenester som reduserer forskjellane, seier fylkesordførar Jon Askeland etter at fylkestinget har vedteke fylkesbudsjettet for neste år på ca 14,6 milliardar kroner.



SATSING PÅ UNGDOM: Fylkestinget satsar på auka gjennomføring i vidaregåande skule og at fleire skal ut i lære.

Av [Bjarte Brask Eriksen](#) Publisert 15.12.2020 Endra 15.12.2020

På budsjettet skal 8,9 milliardar kroner gå til drift og 5,7 milliardar til investeringar.

– Dette er eit godt budsjett for alle som skal leve og bu i vårt langstrakte fylke. Vi utjamnar forskjellar og har funne rom for kultur, idrett og folkehelse. Vi slår eit slag for ungdommane våre med gode og tilgjengelege vidaregåande skular i bygd og by. I ei krevjande tid for ungdom med tiltak knytt til pandemi, er det viktig at vi held fast på ordningar som god skulehelseteneste, skulepsykologar, vaksine, skulefrukost og miljøkoordinatorar. Vi gjer òg kvardagen enklare for ungdomen med å innføre felles ungdomskort for heile fylket, med aldersgrense 20 år, seier Askeland.

Stramt budsjett

Fylkesordføraren poengterer vidare at budsjettet er stramt. Fleirtalspartia ville gjerne hatt økonomisk handlingsrom til endå fleire satsingar, men det var dette dei økonomiske rammene gav rom for.

I budsjettet blir det satsa på auka gjennomføring i vidaregåande skule og at fleire skal ut i lære. Utdanningstilbod som blir vidareført, er produksjonsskulane og linjene innan tekniske og allmenne fag (TAF) og linje for yrkessjåføroppplæring (YSK).

Forpliktande klimabudsjett

Omsyn til klima og miljø er viktig i budsjettet.

– Vi har lagt berekraftmåla til FN til grunn for både utviklingsplanen og for budsjettet. Fylket skal, saman med kommunane, næringslivet, forskning og innbyggjarane vere pådrivar for det grønne skiftet. Til å måle dette nyttar vi oss av klimabudsjett og klimarekneskap og utarbeidar eit forpliktande klimabudsjett for heile Vestland. Målet er at vi skal bli eit nullutsleppssamfunn innan 2030, seier fylkesordføraren.

Nært samarbeid

Utviklingsplanen for Vestland fylke er òg ein sentral del av budsjettet.

– Vi skal ha eit nært samarbeid med kommunar, næringsliv, organisasjonar og frivilligheita gjennom eit systematisk arbeid for å nå måla der like moglegheiter for folk, gode lokalsamfunn, omsynet til klima og miljø og arbeidsplassar er stolpane for at vi skal vere det leiande verdiskapingsfylket, seier fylkesordførar Jon Askeland.

Prisreduksjon i kollektivtrafikken

Tiltak som blir gjennomført i budsjettet for kollektivtrafikken er ikkje å auke i prisen på enkeltbilletter i området der Skysst trafikkerer.

Gjennom Byvekstavtalen og bompengeforliket i Bergen blir det billigare kollektivtakstar for kommunane dette gjeld. Det medfører at prisane på alle typar periodekort i sone A, Hordaland, går ned. Ungdomsbillett i Hordaland går òg ned i pris og skal gjelde for heile fylket frå årsskiftet.

Investeringar på fylkesvegar, bybanebygging og skule

Til investeringar neste år legg fylkesutvalet opp til å bruke 5,7 milliardar kroner. Av dette skal 2,3 milliardar gå til fylkesvegar. Store prosjekt her er rehabilitering av Seimsdalstunellen, rassikring av Flovegen og Ljoteli og fleire bompengepakkar mellom anna Askøypakken, Nordhordlandspakken og Førdepakken.

Til kollektivtrafikk og bybane er det sett av 2,1 milliardar kroner der bybanebygginga frå Bergen sentrum til Fyllingsdalen er det største prosjektet. Til opplæring er det sett av 755 millionar kroner der store prosjekt er oppstart av Askøy vidaregåande

skule, Førde vgs, Langhaugen vgs og nytt opplæringsfartøy ved Måløy vidaregåande skule.

Budsjettet som no er vedteke, fekk støtte frå fleirtalspartia A, KrF, MDG, Sp, SV og Venstre. Det var òg alternative budsjettforslag frå FNB, FrP, Høgre og Raudt.

[Det vedtekne budsjettet](#)

[Saksframlegg til budsjettet](#)

Alternative forslag som ikkje vart vedteke

[Høgre sitt forslag](#)

[Framstegspartiet sitt forslag](#)

[Folkeaksjonen nei til bompengar sitt forslag](#)

[Raudt sitt forslag](#)

Frå: <https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2020/fylkesbudsjett-med-gode-tenester-som-reducerer-forskjellane/>